



Toril Myklebust syng i kyrkja.

**I tillegg til Røysterett for alle, Kvinnherad Trekkspelklubb og Uskedal Skulemusikk vil vi få høyra trompetisten Vegard Døssland (16) og songerska Toril Myklebust (53) under den tradisjonelle julekonserten i kyrkja søndag kveld. Vegard er busett på Korsnes medan Toril har djupe røter i Uskedalen.**



[Vegard Døssland spelar i kyrkja.](#)

Den unge trompetisten starta på kornett som 8-åring. Han har vore elev i kulturskulen, men tar no timar hos Erlend Aagaard V. Nilsen i Bergen. I tillegg til i skulemusikken spelar han fast i Rosendal Musikklag og Hordaland Ungdoms Brassband.

Han er og med i to ensemble saman med unge, lokale musikarar og med nokre frå fylket elles. Vegard har og spela med Uskedal Musikklag og har delteke i 8 musikksommarkurs i regi av NMF.

Tidlegare har han også vore innom gitar7song og rockebandet WoX.

Toril er fødd i 1956 og tok eksamen på musikklinja ved lærarskulen i Bergen i 1978. No er ho lærar ved ein barneskule i Os. Ho har vore solist med fleire kor i Bergensområdet og også sunge åleine.

Toril er dotter av Aud (født Sørheim) og Arne Myklebust, som er busett i Fana men har hatt feriehus på Myro i Uskedalen sidan 1977.

Aud er ein allsidig kunstnar som driv mykje med veving og måling medan Arne har vore kordirigent sidan krigen. Farfaren hans - Torgeir - gav tomt både til kyrkja og gravplassen i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen